

HØYRINGSUTKAST STANDARDFORESKRIFT FOR HUSHALDNINGSAVFALL.

Styret i NoMil har gjort følgjande vedtak i sak 18/24:

« Styret i NoMil legg framlegg til revidert «Standardforskrift for hushaldningsavfall» ut på høyring med frist 20. august 2024 før endeleg vedtak i eigarkommunane.»

Bakgrunn:

Standardforskrift for hushaldningsavfall regulerer forholdet mellom NoMil, kommunane og abonnentane. Gjennom standardforskrifta gjev kommunane NoMil løyve til å stå for gjennomføring av ordninga med tvungen kommunal renovasjon.

Gjeldande standardforeskrift er sist revidert i samband med kommunereform og gjeldande frå og med 2020.

Det har no vore behov for oppdatering av føreskrifta i samsvar med gjeldande regelverk og praksis.

Revidert Standardforeskrift for hushaldningsavfall vert no lagt ut på høyring før endeleg vedtak i eigarkommunar.

Høyringsutkastet byggjer på gjeldande føreskrift, og med forslag om endringar på nokon områder:

- språk, definisjonar
- gjeldande lover og føreskrifter
- etablering av ny ordning med nedgravne avfallssystem eller liknande renovasjonsordningar
- innføring av kjeldesortering for hytte- og fritidsabonnentar
- presiseringar knytt til køyreveg for å ivareta tilsette og andre trafikkantar sin tryggleik
- for å fremje avfallsreduksjon, kjeldesortering og gjenvinning kan kommunane fastsetje differensierte gebyrsatsar i eige gebyrregulativ.
- ulovleg rabatt grunna sosiale forhold er fjerna
- heimel til å utarbeide tilhøyrande retningsliner og presiseringar, samt gjere tilpassingar knytt til endringar i offentlege lover og føreskrifter

Styret i Nordfjord Miljøverk IKS sitt framlegg til revidert Standardforeskrift hushaldningsavfall vert lagt ut på høyring på www.nomil.no og på den einskilde kommune sine heimeside.

Høyringsuttale skal sendast til post@nomil.no eller til Nordfjord Miljøverk IKS, Eidsmona 36, 6823 Sandane.

HØYRINGSFRIST: 20. august 2024

Vedlegg:

-Forslag til ny Standardforeskrift for hushaldningsavfall – høyringsutkast.

Forslag til ny Standardforeskrift for hushaldningsavfall – høyringsutkast

(endringar i blå skrift)

Heimel:

Denne forskrifta er gjeve med heimel i LOV-1981-03-13-6 Lov om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova) §§ 30, 31, 33, 34, 37, 48, 49, 50, 79 og 85.

Nordfjord Miljøverk IKS vert i forskrift skrive NoMil.

KAPITTEL 1 – GENERELLE VILKÅR

§ 1 FØREMÅL

(tidlegare §1 Hovudmål og virkeområde)

Forskrifta skal sikre ei miljømessig, samfunnsøkonomisk og helsemessig forsvarleg handtering av hushaldningsavfall i eigarkommunane i tråd med lovverk og nasjonal avfallspolitikk. Forskrifta skal ta i vare kommunane sine plikter og gjeldande planar for avfallsområdet, og hindre ulovleg innsamling og handtering av hushaldningsavfall.

NoMil skal legge til rette for gode gjenvinningsordningar og stimulere til kjeldesortering av hushaldningsavfall, samt informere og drive haldningskapande arbeid slik at fleire får forståing for miljøretta avfallshandtering.

§ 2 MYNDE

(ny)

Gjennom forskrifta blir NoMil delegert einerett frå eigarkommunane Bremanger, Gloppen, Kinn, Stad og Stryn, til å gjennomføra forskrifta sine bestemningar og føremål. NoMil blir og gjennom forskrifta delegert mynde til å treffa enkeltvedtak, jf. Forureiningslova § 83.

Eineretten gjev NoMil rett til innsamling og handsaming av hushaldsavfall innanfor forskrifta sitt verkeområde. NoMil kan tildele heile eller delar av eineretten til eventuelle dotterselskap. Utan samtykke frå NoMil kan ingen andre samla inn eller handsame hushaldsavfall.

§ 3 VIRKEOMRÅDE

(tidlegare del av §1)

Forskrifta gjeld for det ansvarsområdet der kommunane er tildelt forureiningsmynde etter Forureiningslova med tanke på hushaldsavfall. Forskrifta inneheld bestemningar for hente- og bringeordningar for hushaldningsavfall, samt bestemningar knytt til kjeldesortering, oppbevaring, innsamling og behandling av alt hushaldningsavfall.

Alle Abonnementteiningar som fell inn under forskrifta sitt verkeområde er omfatta av renovasjonsordninga, jf. forureiningslova §30. Forskrifta omfattar og avfallsgebyr og prinsipp for fastsetting av dette, jf. forureiningslova §34.

Avfallsprodusentar med næringsavfall er ikkje omfatta av denne forskrifta. Desse kan likevel på visse vilkår slutte seg til innsamlingsordninga, for å levere avfall i samsvar med forureiningslova §32. NoMil kan utarbeide nærare retningslinjer og detaljkrav for gjennomføring av denne forskrifta.

§ 4 DEFINISJONAR

(tidlegare §2)

Abonnet: Eigar, festar eller heimelshavar av Abonnementteining som inngår i renovasjonsordninga. For eigedom som er bortfesta for 30 år eller meir, eller der festar har rett til å få festet forlenga slik at samla lengd av festet vert 30 år eller meir, reknast festar som abonnet. I burettslag og sameige er burettslaget eller sameiget abonnet.

Abonnementteining: Ei slik eining er definert på ein av dei følgjande måtane:

- a. Eit hus eller husvære/bueining som er definert som bustad i eigedomsregister
- b. Husvære/bueining med eige kjøkken (utleigeleilegheit) eller inntil 5 hyblar som deler felles kjøkken, i eit hus som er definert som bustad i eigedomsregister.
- c. Hytte/fritidshus eller fritidshusvære
- d. Campingvogn og anleggsbrakke oppstilt i 3 månader eller meir utanfor godkjent campingplass med eiga renovasjonsordning

Bueining/husver: Sjølvstendig bueining som er lagt til rette for varig opphald, med tilgang til kjøkken eller anna innretning for matstell og kvile. Bueining/husver er omfatta av forskrifta dersom ho er permanent oppsett som bustad eller har fungert som ei bueining i tre månader eller meir og buføremål er det sentrale.

Hybel/leilegheit/utleigedel med tilgang til kjøkken skal reknast som bueining/husver sjølv om ikkje oppført i eigedomsregister.

Ein fast plassert mobil eining som i praksis blir brukt som bustad eller til bustadføremål blir og rekna som bueining. Ein bustad kan innehalde fleire bueiningar.

Bustad: Bygningstype 100 til 199 etter NS3457 som brukast til bustadformål. Som husvære/bueining reknast også fritidsbustad og permanent oppsett campingvogn nytta til bustadformål. Bygningar må ha større BRA enn 20 m², rekna etter NS 3940, for å utløyse gebyrplikt.

Eigedom: Fast eigedom definert med eit eige gards- og bruksnummer, festenummer og/eller seksjonsnummer i eigedomsregister. Seksjon etablert i samsvar med lovgjevinga om eigarseksjonar reknast som sjølvstendig eigedom.

Fritidsbustad/-bygg: Bueining som kan nyttast i fritidssamanheng og ikkje blir nytta som fast bustad, og eigedomar som er registrert i matrikkelregisteret som fritidsbustad eller hytte.

Ein kvar bueining utan fast heilårsbusetnad, men som er innreia for kvile og matstell, har som ein hovudregel jf. forskrift § 6.5.1 eit fritidsabonnement.

Ved tvil avgjer NoMil kva som skal reknast som fritidsbustad.

EE-avfall (elektrisk og elektronisk avfall): Kasserte elektriske og elektroniske produkt som går på straum eller batteri og definert i avfallsforeskrifta kapittel 1.

Farleg avfall: Avfall som ikkje hensiktsmessig kan handterast saman med forbruksavfall fordi det kan medføre alvorleg forureining eller fare for skade på menneske eller dyr jf. avfallsforskrifta kapittel 11.

Gjenbruksstasjon: Stasjonært bemanna mottak for farleg avfall, samt kjeldesortert ordinært avfall som ikkje inngår i henteordning.

Hentestad/Tømmestad/Oppsamlingsplass: Godkjente areal der abonnenten plasserer oppsamlingseiningane ved innsamling. Hentestaden kan vere felles for fleire abonnentar.

Hushaldningsavfall: Avfall frå private hushaldningar, medrekna større gjenstandar som inventar og liknande, jf.. Forureiningslova § 27 og § 27a. Ved tvil fastset NoMil kva som er hushaldningsavfall

Næringsavfall: Avfall frå offentlege og private verksemder og institusjonar jf.. Forureiningslova § 27 og § 27a. Ved tvil fastset NoMil kva som er næringsavfall.

Renovasjonsbil: Lastebil med komprimator og akseltrykk på minst tonn 8 og minst 10 meter lengde brukt ved innsamling av avfall.

§ 5 HANDSAMING AV VISSE TYPAR HUSHALDNINGSAV FALL

(tidlegare §3)

Avfallsgrupper som til dømes farleg avfall, EE-avfall, stål og større gjenstandar som ikkje er med i den organiserte henteordninga, skal bringast til gjenbruksstasjonar, andre godkjente avfallsmottak eller gjennom særskilte ordningar som vert kunnngjort av NoMil.

Medisinrestar skal leverast til apotek som har godkjent ordning for slikt avfall. Avfall som er eksplosivt, radioaktivt, eller smittefarleg må leverast til mottak med særskilt løyve til dette, overleverast til lokal politimyndigheit eller andre som med heimel i lov, kan ivareta avfallet forsvarleg.

§ 6 TVUNGEN RENOVASJONSORDNING

(tidlegare §4 – underpunkt ny nummerering)

6.1

Alle Abonnementeiningar som fell inn under forskrifta sitt verkeområde vert omfatta av forskrifta og renovasjonsordninga, jf. Forureiningslova § 30.

Dette omfattar og einskild seksjonert del av bygning, kvar einskild sjølvstendig bueining der det kan oppstå hushaldsavfall, og hytter og fritidseigedomar.

6.2

NOMIL kan etter søknad, jf. § 16, frita einskilde Abonnementeiningar frå forskrifta, renovasjonsordning og gebyrplikten, jf. Forureiningslova § 30.

6.3

Bygningar og/eller Abonnementeiningar som har BRA likt, eller mindre enn 20 m² vert ikkje omfatta av tvungen renovasjon og utløyser ikkje gebyrplikt.

6.4

Forskrifta gjeld og for alt hushaldsavfall som oppstår i hytter og fritidseigedomar, og inneheld prinsipp for gebyrfastsetting etter kategoriar og med differensierte satsar avhengig av kategori, jf. § 16

6.5

Verksemder med avfall og som ikkje er rekna som abonnementseining etter § 3, kan søkje seg til renovasjonsordninga. For slik verksemd gjeld reglane i denne forskrifta så langt dei passar.

6.6

Andre aktørar (t.d. private renovasjonsselskap), kan berre få løyve til innsamling av hushaldningsavfall gjennom særskilt avtale med NoMil.

(tidlegare punkt 4.9 er flytta til ny §16 punkt 16.3)

KAPITTEL 2 – INNSAMLING M.V. AV HUSHALDNINGSAV FALL

§ 7 NOMIL SINE PLIKTER OG RETTAR

(tidlegare §5)

Avfallsfraksjonane skal hentast regelmessig etter tømmeffrekvens som er avgjort og kunngjort av NoMil.

Innsamlinga skal gjerast på ein slik måte at det medfører minst mogleg ulempe med omsyn til støy, lukt og liknande.

Renovatøren er pliktig til å ta med avfall som inngår i innsamlingsordninga, føresett at avfallet er lagt i rett behaldar, er tilfredsstillande sortert og sett frem på hentepunktet til rett tid.

Etter tømning skal renovatøren setje behaldaren tilbake til hentestaden med lukka lok og fjerne eventuelt søl frå tømninga.

Renovatøren kan legge ned behaldaren eller nytte eventuelt etablert sikring for å hindre at behaldaren kjem på avveggar under sterk vind mv. etter tømninga.

Det kan gjennomførast stikkontroll av det sorterte avfallet. NoMil er ikkje pliktig til å ta med avfall som er feilsortert, eller framsett i oppsamlingsutstyr som ikkje er godkjent.

For rekkehus, bustadblokker og liknande tett busetnad, kan NoMil pålegge fleire abonnentar å bruke felles oppsamlingsutstyr, fellesanlegg som til dømes containerar, nedgravne avfallssystem eller liknande renovasjonsordningar.

NoMil kan og pålegge bruk av felles oppsamlingsutstyr i andre tilfelle, dersom særlege grunnar gjev grunn til dette.

Endring av abonnement til andre behaldarstorleikar skal som hovudregel berre skje etter bestilling frå abonnenten. Innanfor ramma av lovverket og denne forskrifta, kan NoMil pålegge abonnentane

andre ordningar enn dei som først var godkjent, dersom det viser seg at avfallshandtering ikkje er forsvarleg eller at kommunane gjer vedtak om andre ordningar. Mellom anna kan abonnenten påleggast å auke behaldarvolumet.

NoMil skal informere abonnentane om endringar i tømmedag i samband med rørlege helgedagar og høgtider, og andre endringar i abonnementstilhøva på eiga heimeside og sosiale media, ved bruk av SMS-varsling eller anna kunngjering.

NoMil kan vedta ytterlegare innsamlings- og mottaksordningar for spesielle avfallstyper.

NoMil skal bidra til at abonnentane kan nytte heimekompostering.

NoMil kan utarbeide og endre rettleiarar og retningslinjer med presisering og nærare utgreiing for forskrifta sine bestemmingar.

NoMil kan innanfor rammene av forureiningsregelverket endre renovasjonsordninga.

§ 8 ABONNENTEN SINE PLIKTER OG RETTAR

(tidlegare §6)

Abbonnten er ansvarleg for at bruken av oppsamlingsutstyret skjer i samsvar med denne forskrift og eventuelle rettleiarar og retningslinjer gjeve med heime i forskrifta. Abonnenten er ansvarleg for å gje melding til NoMil om endringar i abonnementstilhøva som t.d. eigarskifte, endring i avfallsmengde eller anna som har betydning for fastsetting av gebyr jf. forskrift kapittel 3.

Oppsamlingsutstyr som til dømes avfallsbeholdar og container er NoMil sin eigedom, og skal stå att på eigedomen ved endring av abonnent. Abonnenten kan berre nytte oppsamlingsutstyr som er utlevert av NoMil.

Abbonnten skal plassere oppsamlingsutstyret på hentestaden til rett tid på tømmedagen. Om vêrtilhøva krev at oppsamlingsutstyret må sikrast for å unngå skade på utstyr eller andre gjenstandar, må det gjerast på ein måte som ikkje hindrar ei effektiv tømning.

Abbonnentane pliktar å følgje med på kunngjeringar for avfallstømming i høgtider og ved rørlege heilagdaggar.

Bortkomme eller skadd oppsamlingsutstyr (utover normal slitasje) skal erstattast økonomisk av abonnenten. Abonnenten er ansvarleg for særskilt merking av behaldaren dersom dette vert kravd av NoMil.

Abbonnten er pliktig til å gjennomføre slik sortering av avfallet som NoMil til ei kvar tid gjer vedtak om. Dei som har avtale med NoMil om heimekompostering skal ha varmkompostering og skal ikkje ha matavfall i restavfallsdunken.

Det er forbod mot brenning av hushaldningsavfall og farleg avfall utanom særskilt godkjende forbrenningsanlegg.

§ 9 INNKJØP OG VEDLIKEHALD AV OPPSAMLINGSUTSTYRET

(tidlegare §7)

NoMil kjøper, leverer ut og eig oppsamlingsutstyret til kvar abonnent. Dette er tilpassa køyreruter, avfallsmengde og dei fraksjonar som skal kjeldesorterast. NoMil syter for vedlikehald og utskifting av utstyret. NoMil avgjer når ei eining må reparerast eller bytast, og føretek reparasjonar og utskiftingar etter behov.

Alt oppsamlingsutstyr vert merka med eit nummer som samsvarer med abonnementsidentifikasjonen. Abonnenten er pålagt å notere nummeret på avfallsbeholdarane.

Ved etablering av nedgravne avfallssystem i utbyggings- og fornyingsområder, er det krav om eigna areal med god tilkomst for lastebil, samt anna nødvendig infrastruktur. Utbygger har ansvar for prosjektering og planlegging, samt at nødvendige løyver og finansiering er på plass.

Nedgravne avfallssystem er utbygger/abbonentar sin eigedom, og innkjøp og drift ligg derfor utanfor NoMil sitt ansvar.

Plassering, trafikktilhøve, krav til funksjonalitet og dimensjonering av utstyr skal godkjennast av kommune, vegmyndigheiter og NoMil.

Andre abonnentar i området kan etter avtale med NoMil nytte det nedgravne avfallssystemet dersom kapasiteten er tilstrekkeleg, uavhengig av eigedomsretten til grunnen der løysinga er etablert.

NoMil kan gje nærare retningslinjer og vilkår for nedgravne avfallssystem.

§ 10 BRUK AV OPPSAMLINGSUTSTYRET

(tidlegare §8)

Oppsamlingsutstyret skal brukast slik at avfallet er sikra mot skadedyr og andre hygieniske ulemper. Abonnenten skal syte for reinhald av utstyret.

Oppsamlingsutstyret skal ikkje nyttast til andre føremål enn til oppsamling av avfall i samsvar med denne forskrift.

NoMil er berre pliktige å ta med avfall som er rett sortert og plassert i rett og godkjent oppsamlingseining. Det må ikkje leggest flytande avfall, varm oske, avfall som kan skade menneske og utstyr, eller avfall som er nemnt under § 5 i denne forskrift. Skarpe eller knuselege gjenstandar, fuktig avfall, avkjølt oske, støvsugarposar og liknande skal innpakkast før det vert lagt i oppsamlingsutstyret.

Det skal ikkje plasserast avfall ved sida av oppsamlingseingane

Fraksjonar som ikkje er med i ordinær henteordning skal handterast som omtalt i § 5 i denne forskrift.

Ved graverande eller gjentekne avvik i sortering av avfall, kan NoMil sine renovatørar nekte å tømme oppsamlingsutstyret før avfallet er rett sortert. Dersom abonnenten ikkje føl skrifteleg pålegg frå NoMil, skal saka rapporterast til kommunen for vidare oppfølging.

Oppsamlingsutstyret må ikkje overfyllest slik at lokket ikkje kan lukkast, og avfallet må ikkje pakkast fastare enn at det lett kan tømast.

NoMil kan gje skrifteleg pålegg om endring av abonnement tilpassa faktisk avfallsmengde, medrekna å utplassere auka oppsamlingsvolum som stettar NoMil sine krav.

Det er forbode å legge avfall frå bustad eller verksemder i felles oppsamlingsutstyr som er tenkt til hytte og fritidsabonntar, turistar o.l.

§ 11 PLASSERING AV OPPSAMLINGSUTSTYR (tidlegare §9)

Som ein hovudregel kan abonnenten sjølv bestemme kvar oppsamlingsutstyret skal plasserast på eigedomen utanom tømmedagane. Plasseringa må ikkje vere til sjenanse for andre verken ved oppbevaring eller i samband med tømning, og elles ikkje plasserast i strid med denne forskrift, plan og bygningslova, granelova, veglova eller andre lover og forskrifter.

Hentestaden er staden der renovatøren hentar oppsamlingsutstyret og tømmer det i renovasjonsbilen. Hentestaden skal vere ein trafikksikker plass ved køyrbar veg ikkje meir enn 5 meter frå køyreveg.

Tilkomsten til oppsamlingsutstyret skal vere fri for hindringar og snø og is som kan gjere hentinga vanskeleg.

I periodar med snø og is, kan det vere nødvendig å ha ei anna plassering av oppsamlingsutstyret enn for resten av året. NoMil kan i slike tilfelle pålegge Abonnenten ei mellombels plassering.

På hentestaden skal oppsamlingsutstyret vere plassert lett tilgjengeleg på eit flatt og fast underlag på terrengnivå slik at [renovatøren slepp å løfte oppsamlingsutstyret](#).

Oppsamlingsutstyret skal vere godt synleg frå renovasjonsbilane.

NoMil kan fastsette eigna hentestadar for å få til ei effektiv og trafikksikker innsamling.

I tettbygd strøk skal abonnentane nytte felles oppsamlingsplassar eller felles utstyr der NoMil krev det.

Abonnenten skal syte for at oppsamlingsutstyret vert henta tilbake til eigedomen frå hentestaden same dag som tømninga har funne stad.

[Oppsamlingsutstyr skal ikkje stå plassert på hentestaden utanom tømmedag.](#)

NoMil kan fastsette anna hentestad etter særskild søknad grunna sjukdom, uføre, funksjonshemning o.l. som er dokumentert med helseattest .

Henting av avfall på andre stadar en hentestad ved køyrbar veg, kan etter avtale utførast som ei tilleggsteneste mot ekstra betaling til sjølvkost. [Det skal då ikkje vere andre bebuarar knytt til bustaden som ha normal funksjonsevne, og som kan sette dunkar fram til hentestad.](#)

[Innsamling av avfall frå hytte- og fritidseigedomar vert gjennomført som ei leveringordning.](#)

NoMil plasserer ut særskilt oppsamlingsutstyr på stadar fastsett av NoMil, basert på kor mange hytter/fritidseigedomar det er i det einskilde området. Etter søknad kan fritidseigedom få utlevert restavfallsbeholdar eller delta i ordinær renovasjonsordning som for bustadeigedommar.

[Avfall frå fritidseigedomar vert handsama i samsvar med gjeldande krav til kjeldesortering.](#)

§ 12 KRAV TIL KØYREVEG

(tidlegare §10)

Køyreveg som skal brukast i samband med renovasjonsordningar, skal ha snuplass eller vere gjennomgåande, og dessutan ha kurvatur, stigningstilhøve, breidde og styrke som er tilpassa NoMil sine ordinære renovasjonsbilar.

Køyrevegen må vere godkjent for lastebil jf. [Statens vegvesens handbok N100, bruksklasse BK10](#) med eit akseltrykk på minst 8 tonn og minst 10 meter lengde. Vegen må ha ei fri høgd på minst 4 meter.

Private vegar og fellestilkomst vert normalt sett ikkje rekna som køyrbar veg.

Dersom NoMil skal nytte privat veg eller fellestilkomst, kan NOMIL krevje at det vert inngått skriftleg avtale om rett til å nytte den private vegen for innsamling av hushaldsavfall og kan stille vilkår om at vegen har naudsynt standard mv.

I periodar med snø og is, må veg og snuplass vere brøyta og om naudsynt strødd. NoMil kan krevje anna plassering av oppsamlingsutstyret i desse periodane enn for resten av året jf. §11.

Vegeigar er ansvarleg for tilstrekkeleg vedlikehald og fjerning av skog og kratt langs vegane, og grunneigar er ansvarleg for dette på eigen eigedom. NoMil kan utarbeide eigne retningsliner for køyreveg.

Dersom tilkomsten vert hindra av ulike grunnar som til dømes ved vegstenging eller manglande brøyting/strøing, er abonnenten pliktig til å bringe avfallet fram til renovasjonsbilen, eller ta vare på avfallet til neste hentedag.

Dersom ein eigedom ikkje har vegforbindelse, eller at køyrevegen ikkje tilfredsstillar krava i denne paragrafen, kan NoMil gjere naudsynnte tilpassingar i renovasjonsordninga. Slik tilpassing vil vere at avfallet vert samla inn med båt, at abonnentane sjølv må bringe avfallet til felles oppsamlingspunkt ved tilfredsstillande køyreveg, eller at eigedomen blir gjeve unntak frå innsamlingsordninga [etter §16](#).

§ 13 AVFALL SOM VERT SAMLA INN VED EIGNE ORDNINGAR

(tidlegare §11)

NoMil kunngjer dei til ei kvar tid gjeldande innsamlingsordningar. Abonnenten er pliktig til å sortere avfallet i samsvar med vedtak i NoMil og bruke det oppsamlingsutstyr som er planlagt for dei ulike avfallsgrupper.

Abbonentar kan inngå skriftleg avtale med NoMil om heimekompostering av våtorganisk avfall. Desse abonnentane vil ikkje få tildelt eventuelt oppsamlingsutstyr for våtorganisk avfall dersom denne sorteringsordninga vert gjennomført.

KAPITTEL 3 – GEBYR

§ 14 FASTSETTING OG BETALING AV GEBYR

(tidlegare §12)

I samsvar med § 34 i forureiningslova fastset kommunane avfallsgebyr som skal dekke alle kostnadane med avfallshandteringa.

Renovasjonsgebyret følgjer eigedomen, og det er til ein kvar tid eigar, festar eller heimelshavar til Abonnementseininga som har ansvar for betaling av renovasjonsgebyret.

Ved eigedom i sameige, vil NoMil krevje inn gebyret av ein av sameigarane, som må fordele dette seg i mellom etterpå.

Abonnent som er omfatta av denne forskrifta, skal betale renovasjonsgebyr i samsvar med gjeldande gebyrforskrift. NoMil avgjer på vegne av kommunen om ein eigedom er gebyrpliktig og kven som er ansvarleg for å betale gebyret.

Det skal betalast gebyr ut frå kor mange bueiningar (ref. §4 abonnenteining) som høyrer til eigedomen eller del av eigedomen.

NoMil avgjer kor mange bueiningar kvar einskild eigedom skal betale renovasjonsgebyr for.

Eigar/heimelshavar har eit sjølvstendig ansvar for at NoMil har korrekte opplysningar om eigedommen. Dersom eigar/heimelshavar har oppgjeve urette opplysningar, kan NoMil krevje etterbetalt renovasjonsavgift for dei siste 3 åra etter reglar i lov om forelding av fordring.

For nye abonnentar vert gebyret rekna frå og med den 1. månaden etter at abonnenten er innmeldt i renovasjonsordninga. Tilsvarande vert gebyret rekna fram til siste dag i den månaden renovasjonen sluttar.

Ved endring i behaldarstorleik/abonnementstype vert gebyret justert frå og med den 1. i månaden etter at endringa er gjort. NoMil kan krevje kompensasjon for utkøyring og innhenting av behaldarar.

For å fremje avfallsreduksjon, kjeldesortering og gjenvinning kan kommunane fastsetje differensierte gebyrsatsar i eige gebyrregulativ.

Eigarkommunane vedtek gebyrregulativet og fastset gebyret.

Gebyr kan òg krevjast ved levering av avfall på gjenbruksstasjonane.

§ 15 REDUKSJON I GEBYR

(ny)

For abonnenteiningar som nyttar felles oppsamlingsutstyr som reduserer samla avfallsmengde, kan gebyret reduserast etter nærare retningsliner og vedtekne satsar fastsett av NoMil.

NoMil kan gi nærare retningsliner for heimekompostering og abonnent kan inngå skriftleg avtale om heimekompostering med NoMil. Ved heimekompostering kan NoMil innvilge reduksjon i renovasjonsgebyr etter gjeldande satsar for slik reduksjon.

NoMil kan ikkje gje reduksjon i gebyr på sosialt grunnlag.

Gebyr vert fastsett i samsvar med gebyrforeskrift vedteke av eigarkommunane.

§ 16 FRITAK

(ny)

16.1 Generelt

I medhald av forureiningslova § 30 kan ein skilde eigedomar fritakast frå renovasjonsordninga, gebyrplikta og/eller bestemmingar i forskrifta.

Det vert ikkje gjeve fritak av sosiale grunnar.

Fritak forutsett at Abonnten har sendt grunngjeven og skriftleg søknad om fritak til NoMil. Abonnten er ansvarleg for å gje NoMil naudsynt dokumentasjon som underbyggjer søknaden.

NoMil kan kontakta Abonnten for å be om ytterlegere opplysingar og/eller dokumentasjon for å kunne handsame søknaden. NoMil kan setje frist for slike ytterlegere opplysingar og/eller dokumentasjon.

Dersom fristar ikkje vert overhalde, kan det medføra at søknaden blir avvist og Abonnten må søke på nytt.

Søknad må innehalde korrekte opplysningar om eigar, adresse, og identifisering av Abonnementseininga.

NoMil kan gje nærare retningsliner og vilkår for fritak.

Dersom fritak blir innvilga, vil det ikkje få tilbakeverkande kraft for renovasjonsgebyret.

16.2 Fritak for bustadar

Fritak kan gjevast heilt eller delvis for bustadar når bustaden sin tilstand innvending og utvendig gjer den ubueleg.

Bustad under oppussing kan få midlertidig fritak dersom den i oppussingsperioden ikkje kan buast i. Det kan gjevast midlertidig fritak dersom bustaden skal seljast og der ikkje er fastbuande i bustaden eller den blir nytta som fritidsbustad.

For fritidsbustader gjeld egne vilkår og retningsliner.

Eigar av hus med renovasjonsabonnement kan søke om fritak for andre bueiningar på same eigedomen som ikkje er i bruk til bustad eller fritidsføremål.

Dersom ein abonnent har fleire eigedommar (eks. bustad og hytte- og fritidseigedom) i kommunen, gjev ikkje dette grunnlag for reduksjon av gebyr.

Lite bruk av eigdommen gjev ikkje grunnlag for fritak frå eller reduksjon av gebyr.

Dersom ein bustadeigedom ligg slik til at det er vanskeleg å levere avfall gjennom dei vanlege avfallsordningane, kan eigedomen etter søknad få heilt eller delvis fritak frå renovasjonsordninga og

gebyrplikta, eller frå einskilde bestemningar i denne forskrifta etter ei konkret vurdering av tilhøva. Dette betyr at det ikkje vil vere avfallsbeholdarar tilknytte eigedommen.

Abonnentar som kan dokumentere at det ikkje bur nokon i ein bustad eller bueining (gjeld ikkje fritidsbustad) i meir enn 6 månader samanhengande, kan etter søknad få fritak for den aktuelle perioden. Fritaket blir gjeldande frå månaden etter godkjenninga. NoMil bestemmer storleiken og varigheita på fritaket innanfor den fastsette grensa etter andre ledd.

Abonnenten pliktar å informere NoMil dersom grunnlaget for tidlegare tildelt fritak blir endra. I samband med fritak ved mellombels fråflytting, pliktar abonnenten å melde frå så snart bueininga/eigedommen blir teken i bruk på nytt.

Dersom abonnenten ikkje melder frå om endringar, kan NoMil krevje gebyr for den perioden som bueininga/eigedommen urettmessig hadde mellombels fritak. NoMil har i denne samanhengen også høve til å hente og utlevere oppsamlingsutstyret og krevje gebyr for dette.

Bustader som vert innvilga fritak, har ikkje rett til å nytte NoMil sitt renovasjonstilbod. Dersom bustaden produserer avfall sjølv om det er gjeve fritak frå renovasjonsordninga, pliktar Abonnenten sjølv å sikre at avfallet får ei forsvarleg handtering, jf. Forureiningslova og Avfallsforskrifta. Fritaket er likevel ikkje til hinder for at bustaden kan nytte gjenbruksstasjon på same vilkår som gjeld for næringsdrivande.

Ved fritak vil utlevert oppsamlingsutstyr som hovudregel vert samla inn av NoMil, og NoMil kan berekne vederlag for inn- og utkøyring av oppsamlingsutstyr.

16.3 Fritidsbustader, hytter mv. (flytta frå 4.9.1)

Hytte- og fritidseigedommar kan ikkje vere mellombels fråflytta, og kan ikkje få slikt fritak. Nærare vilkår for fritak som gjeld for bustader, jf. § 16.2, gjeld så langt dei passar for fritidsbustader, med dei unntak som følgjer av § 16.3.

For hytter- og fritidsbustader mv, gjeld det differensiering for gebyr - avhengig av kategori:

Kategori 1 (høg sats)

Abonnenteining der det ikkje er fastbuande som oppfyller alle 3 kriteria :

- a. Innlagt straum
- b. vatn og avlaup
- c. Veg som er køyrbar heile året eller båtbyggje under 1 km frå hytta

Kategori 2 (middels sats)

Abonnenteining der det ikkje er fastbuande, og som ikkje fell inn under kategori 1-3-4 og som oppfyller minst 1 av kriteria i kategori 1

Kategori 3 (låg sats)

Abonnenteining som er større enn 20m² BRA, og som ikkje oppfyller nokon av kriteria i kategori 1-2-4

(gjeld kun for Stryn om dei gjer same vedtak som sist på forskrift – einaste kommunen som kan ha kategori 3 dersom denne står. Om Stryn ikkje gjer same vedtak vil alle hytter i Stryn med kategori 3 no verte fritekne)

Kategori 4 (fritekne)

Abonnenteining som er mindre eller lik 20 m² BRA. Huseigar kan søkje om fritak for abonnenteining som stå til nedfalls og for eigedomar med over 1 km til nærmaste køyrbare heilårsveg/båtbryggje.

Tvungen fritidsrenovasjon gjeld likevel ikkje eigedom med meir enn ein kilometer til nærmaste køyrbare heilårsveg eller båtbryggje .

I tvilstilfelle om kven som er omfatta av tvungen fritidsrenovasjon, eller kva kategori ein eigedom høyrar til, avgjer NoMil saka etter å ha innhenta uttale frå kommunen.

§ 17 UTREKNING AV GEBYR

(tidlegare §13)

Renovasjonsgebyret til abonnentane vert utrekna på bakgrunn av gebyrforskrifta.

NoMil fastset gebyret for levering av visse typar avfall til gjenbruksstasjonane, som ikkje er dekkja av abonnementsgebyret. Gebyret skal som hovudregel fastsettast etter volum, stk., pris eller vekt.

NoMil kan fastsette eigne gebyrsatsar for næringsavfall, også på næringsavfall som samlast inn på dei ordinære renovasjonsrutene. Slike gebyrsatsar skal likevel minst dekke NoMils kostnader med næringsavfallet som handsamast.

§ 18 INNKREVING, RENTER M.V.

(tidlegare §14)

Gebyr, renter og andre kostnader er sikra med legalpant, jf. pantelova § 6-1. Reglane i Lov av 6. Juni 1975 nr 29 om eigedomsskatt til kommunane § § 26 og 27 gjeld for renteplikt ved for sein betaling og for inndring av avgifter.

NoMil fakturerer abonnenten/eigar av eigedomen for renovasjonsgebyret på vegne av kommunen. Jf. forureiningslova §34.

Eigar/heimelshavar er ansvarleg ved for sein betaling eller anna misleghald.

NoMil kan bruke inkassobyrå til å krevje inn uteståande gebyr som ikkje er betalt.

KAPITTEL 4 – KLAGE OG STRAFF

§ 19 KLAGE

(tidlegare §15 – oppdatert etter oppretting av klagenemnd)

Forvaltningslova gjeld for handsaming av saker etter denne forskrifta.

NoMil kan gje pålegg og kan treffe vedtak etter denne forskrifta.

Enkeltvedtak som er gjort av NoMil med heimel i forskrifta kan påklagast i medhald av § 85 i forureiningslova.

Enkeltvedtak treft av NoMil kan klagast på til særskild klagenemnd for NoMil, jf. forvaltningslova § 28, 2. ledd, 2. punktum. Vedtak i den særskilde klagenemnda er endelege.

Enkeltvedtak treft av representantskapet i NoMil, kan klagast på til departementet, jf. forvaltningslova § 28, 2. ledd, 3. punktum.

For enkeltvedtak etter offentleglova er Statsforvaltaren klageinstans, jf. offentleglova § 32, jf. offentlegforskrifta § 11.

For enkeltvedtak gjort av eigarkommunane i NoMil, er overordna kommunalt organ, eventuelt overordna statleg organ klageinstans.

§ 20 STRAFF

(tidlegare §16)

Forsetteleg eller uaktsamt brot på føresegnene kan straffast med bøter etter forureiningslova § 79, 2.ledd.

§ 21 IKRAFTSETJING

(ny)

Denne forskrifta trer i kraft frå 01.01.2025 når alle eigarkommunane i NoMil har vedteke forskrifta.

Frå same tidspunkt vert «Standardforskrift for hushaldningsavfall i NoMil-området», som gjaldt frå 01.01.2020, oppheva.